



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 2, 57. ÅRGANG, 2018

Konfirmantar våren 2018



BAKRE REKKE FRÅ VENSTRE: Jørn Kristian Mathisen, Håkon Tågerud Gullaksen, Marthea Svanheld Holdal, Sina-Alida Van Veen-Skattebu, Linnea Gjevre-Myrvold, Marit Hovrud Ulstølen, Kristin Alfstad, Nathalie Gjærdingen-Ganchev, Sondre Heggemoen, Sigurd Øygard, Tom Kristian Rogne Steen.

MIDTRE REKKE FRÅ VENSTRE: Emanuel Dokken, Geir Kjetil Meisdalshagen Haugene, Mathias Paaby Jørgensen Stølen, Halvor Beito Øverby, Mads Langli Myrvold, Knut August Melby, Martin Dalen Heggemes, Nicklas Skjønnhaug, Håkon André Onstad Evensen.

FREMSTE REKKE FRÅ VENSTRE: Simen Andre Opheim, Emilie Bakke Vestheim, Ingvild Opheim, Nora Røsseng, Oda Nygård, Tonje Hedalen Stølen, Kjersti Dahle, Odd Tidemann Røyne.

FRAMME: Eli Vatn, Jon Gunnar Solhaug.



Det er konfirmasjonstid, alt er like vakkert levande, naturen og dei unge. Ei flott og ei vemodig tid for meg; snart vil eg ikkje sjå dei så jamt lenger. Vi er ved innspurten, det er samtalegudsteneste, og som alltid når eg ikkje kan gjere meir kjem spørsmålet; har det vore godt nok, har eg lært dei det dei treng? Skulle dei kunne meir utanåt, fleire salmar, truvedkjenninga og boda betre på rams? Kva har dei fått av verktøy å takle livet med? Har eg klart å formidle nokre gode verdiar, har dei blitt trygge på tradisjonane, kjende i gudstenesta, i kva lokalkyrkja driv med; med våre lokale tradisjonar. Har dei lært å resonnerer rundt etiske val, har dei fått den grunnleggjande kjensla av å vere akseptert, tilhøyrande hos Gud og i kyrkja; gode nok. Har dei lært å skvære opp og tilgje? Har dei fått med seg det store forbildet Jesus er, og tryggleik ved hans siger over det aller verste: døden.

Eg må vel svare nei på dei fleste spørsmåla er eg redd, men eg vonar dei veit at kyrkja vil vera ein heim å koma til – alltid! Eg vonar dei har fått verktøy til å reflektere vidare med når dei møter livet og ikkje alt stemmer med det dei trudde var fasiten. Eg vonar ho er ein stad å ta opp dei store spørsmåla når dei kjem.

Eg vonar at dei stille stundene i kyrkja har gitt høve til å kjenne på at eg har lov til å vera meg, og at her høyrer eg til! At stillheit er ein fin ting for å la Gud koma til orde; å be. Eg vonar dei har fått noko å vekse på, vekseog modnast i tru og tillit!

Samstundes byrjar både eg og neste års konfirmantar å sjå fram mot året som skal koma. For nokre er det kan hende eit spørsmål kva slag konfirmasjon dei skal velja, kyrkjeleg eller borgarleg. Kan hende kjem dei frå ein del av verda der det ikkje er aktuelt med noko slag konfirmasjon. Vi høyrer til i forskjellige tradisjonar, har forskjellige førebilete vi anten vil følgje etter eller ta avstand frå, eller velje annleis enn. Nokre tenker kan hende dei må velje livssyn i ein alder av 14-15 år. Det tenker eg er eit umogleg val. Mitt syn på livet har i alle fall utvikla seg og modnast gjennom alle dei år eg har levd. Kyrkja med si mangslungne historie, nestekjærleik og maktstrukturar, alle sine ritual, forteljingar, truvedkjenningar, dikt, likningar, fellesskap, og verdiar kan ein ikkje ta stilling til på ein to tre.

Eg har og vore heldig og har vakse opp utan denne motsetninga som nokre kristne og humanistar og ikkje minst tabloidpressa synes å meine det er mellom vitskap og kristen tru. I heimen min vart kornet omtala både som biologiske prosessar og måla i føreiningar, samtidig som det var sett som grunnlag for kultur og ikkje minst ei likning som sa grunnleggjande ting om livet på eit meir overordna plan. Eg vonar konfirmantane ikkje trur dei må ta stilling til om dei trur på Gud eller vitskapen. Eg vonar og at dei skjønar at «å trupå Gud» er noko ein treng eit heilt liv til å finne ut av.

- Eli -

«Ein må gå på folkehøgskule for å bli folk»

TEKST OG FOTO: INGRID MEYRICK

Eg veit ikkje kven mor siterte. Det var neppe Gruntvig, folkehøgskolens far. Han formulerte seg litt annleis, men betydningen vart noko den same. Han sa: «Menneske først, kristen så.» For meg fekk i alle fall eit år på Valdres folkehøgskule mykje å seia for mi personlege utvikling, både som kristen og som menneske. Berre det å møte så mange jamaldringar som kunne seia høgt at dei hadde ei tru, var ikkje kvardagskost for meg som kom frå ei «lesarfamilie» i ei bygd der ingen andre på min alder snakka om slikt.

Eg har tenkt mykje på kva som betydde mest for meg dette året. Eg har kome fram til at det må vera intenat-livet og kameratskapet som oppsto. Vi var saman alle vakne timar på døgnet eit heilt skuleår. Vi fekk bryne oss på kvarandre, vi vart forelska, vi fann gjerne fram til nokre i mengden som vart nærare og kjærare enn andre. Nokon av desse kameratskapa kjem til å vare livet ut. Vi er ein gjeng på 9 - 10 stykkjer som har kome saman med meir og mindre jamne mellomrom alle desse 55 åra som har gått - oftare ettersom vi blir eldre. I desse dagar planlegg vi å samlast på Syskenborg, folkehøgskulen si hytte opp mot Pilset. Vi bur spreidd i Hallingdal, Valdres og Oslo, men dette prioriterer vi alle. Livet har take oss alle med på mange slags reiser både i direkte og overført betydning, men det er noko trygt med å det å ha kjent kvarandre så lenge, vi har deler av grunnfjellet felles.

Eg kunne sagt noko om korleis eg nok fekk stadfesta og grunnfesta ei famlande barnetru og om forkynning og bønnefellesskap, men det er møtet med dei andre både i fest og i kvardag, på peiskveldar og turar som nok har hatt mest å seia for meg. I dette fellesskapet høyrer også nokre av lærarane som vart mine gode venner i alle år etterpå. Det handlar om å «bli folk» - eller om å utvikle seg som menneske. Den kjende svenske biskop emeritus i Svenska kyrkan, Magnus Malm, seier i si bok Kristus-kransen: «Vi er alle avhengige. Nært eller på avstand er mitt liv i dine hender, ditt liv i mine. Søk ikke først og fremst religionen, søk den dypeste relasjonen. Da vil du oppdage at det innerste i religionen er den barmhjertige kosmiske samhørigheten i vår ensomhet.»

Dette opplevde eg på Heimsyn - eg tør seia for fyrste gong: Å vera del av eit fellesskap der eg kunne vera heilt meg sjølv og endå vera akseptert, ja, endåtil få oppleva

at eg var viktig i andres liv. Då turde eg etterkvart også å tru at eg var fullt ut akseptert og elska av Gud. Vi må ikkje sjå smått på kva vi kan koma til å bety for andre menneske. Tenk over kva andre menneske betyr for deg! I det siste har det vore mykje snakk om å bera krossen som teikn på at du er ein kristen. Eg snakka om dette med min gode ven Bernard, dominikanarpater frå Frankrike, ein gong. Krossen, sa han, er eit torturinstrument! Han ber heller ikkje nokon kross på munkekutta si.

Vi skal ikkje gløyme kva korset symboliserer og betyr i vår kristne tru. Men då Jesus skulle svara på kva som var det største og fyrste bodet (Matt 22) var det kjærleiken han held fram. Og det er ikkje vanskeleg å finne mange stader i Bibelen der kjærleiken er nemnd som det største, kjærleiken til Gud, kjærleiken til vår neste.

For meg har det vorte naturleg å bera det gamle, fine gullhjetet eg fekk av svigermor. Det minner meg om Guds uendelege kjærleik og det minner meg om kor viktig det er å ta vare på kvarandre, ikkje berre innad i familien, men i alle med mellommennskelege relasjonar. Kanskje eg måtte gå på folkehøgskolen for å bli folk? I alle fall fekk eg med meg ein lærdom derfrå som ein ikkje kan lesa seg til, kanskje den viktigaste lærdom vi kan få, både som menneske og som kristne.



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

E-POST:
post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID:
Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar:	ANNE NORA ALUND	61 35 25 76
Sokneprest/fjellprest:	ELI VATN	991 29 976
Prost:	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
Sekretær:	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
Kyrkjetenar:	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
Kyrkjemusikar:	MAGNE OLAV SELLAND	934 19 294
Menighetspedagog:	ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:
Eli Vatn, Martha Viken, Ellen B. Hegge,
Ingrid Meyrick og Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.
LAY-OUT: designsaskia.no
TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE
NUMMER: 14. AUGUST 2018

Foto framside: Saskia Aleida Van Veen

LIDAR KYRKJE
Klokkar: Anne Britt Skåthun Sørnum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Mette Mari Lein
996 90 632

HEGGE KYRKJE
Klokkar: Ellen Oddveig Rudi
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Gunvor Hegge
907 40 702

VOLBU KYRKJE
Klokkar: Ingrid Meyrick
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Einar Eriksen
907 59 702

ROGNE KYRKJE
Klokkar: Mari Myrvold
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Berit K. Myrvang
970 02 721



«Kven skal passe på det vesle livet?»

Eg har avtala verdivandring om tema humler med.....Bodvar Sonstad, når husken sviktar kallar eg han for «Humlemannen», og det fungerer, alle veit kven eg referer til.

«Dei er englane mine». Og eg skjønner at Bodvar ikkje berre tek imot godt bodskap om vår og sunn natur frå sine englar; han legg til rette for at dei skal koma! (noko å lære?) Inne har han varmekasse for humlebol for å kunne dyrke fram humler. Ute under ei gran byr han dei velkomne i eit «musehumlebol»; Eit vekselbruk, som fungerer om lag som stølen, berre at underjordiske om vinteren er bytta ut med mus, og menneske om sumaren med humler. Humler blir visstnok tiltrekt av muselukt. Visste du at av dei 250 humleartane i verda har Norge 35 slag, altså eit humle eldorado?



Bodvars musehumlebol - legg merke til humlelua, ei gåve frå Jorid Morisbak!

Visste du at det finst ein humlefossil som er 20 millionar år gamal, og at ribbene i vengene er slik dei er på humler i dag; at denne humla altså alt då var så godt tilpassa at ho har vore slik i 20 millionar år.

Alt dette fascinerande om humla fekk eg vite på strekninga Øvre Stølsvegen og ned til seljene i Beito på humlejakt. På elsykkel må vite! Visste du at på dette strekket har Bodvar registrert berre ei ho-selje og mange han-seljer. Visste du at det er ei humleoppgåve å sørge for «blomsterstøv» frå alle desse han-seljene til den eine ho-selja, og at kan hende er denne overfloda av han-seljer rett og slett der for å halde bestanden av humler ved like slik at det er nok til å bestøve ho-selja. Og visste du at all denne finurlige tilpassinga til

kvarandre har ei hensikt: å føre genane vidare. Slik er evolusjonsteorien sitt svar på kvifor ting er som dei er; at plantar, dyr og menneske er «koda inn» med eigenskaper som gjer oss mest mogleg effektive i dette å føre genane våre vidare. Kan hende har du fått med deg at denne balansen no er truga av at mangfaldet og talet på humler og andre bestøvingshjelparar minkar, og at det fort kan bli dramatisk for matproduksjonen?

Bak denne kunnskapen eg får del i ligg ei livslang interesse. Denne interessa førde Bodvar til å studere biologi, til å få jobb som naturfaglærer hos Erling Stordahl på Helseportssenteret før han studerte medisin, og etter kvart kom attende hit igjen som lege på senteret i 2002.

På vegen nedover frå Øvre Stølsli møter vi på eit anna medlem av «Besteforeldrenes klimaaksjon», og eg får stadfest at her dreier det seg ikkje berre om interesse, men om eit sterkt engasjement for å ta vare på naturen. Ikkje minst arbeider han for å snu utviklinga som trugar klimaet vårt, og med det heile jorda så dramatisk. «Store, dramatiske spørsmål, og paradok-



..og humlesokker fra Anne Mari Helle - stort engasjement for humlesaka.

salt nok engasjere seg i noko så lite som humler?» spør eg. Bodvar siterer Ina Libak som stiller spørsmålet «Hvem skal passe på det lille livet?». Han fortel korleis han då han kom attende til Beitostølen hang opp ein plakat om at han gjerne ville registrere kva humleslag som var her. Han ba folk koma med døde humler om dei fann nokon. Det førde til at når folk såg humler tenkte dei på han, og humlene strøymde inn. Interesse utvikla seg til ein klubb, med ymse aktivitetar, foredrag og turar. Det er noko til å bli glad av, kjenner eg, og då ein vart merksam på at desse insekta var truga var engasjementet etablert. Det fungerer, folk let seg engasjere, det er så lite at det går an å få grep om. Å slå grasplena litt mindre, la ho bli ei blomeeng for ei periode er noko ein kvar kan gripe og gjere, med glede! Eg sender ein stolt tanke til prost og tildlegare sokneprest i Vang som i heile vårt samliv har laga blomeenger og blomebed ved å slå rundt blomane i grasplena.

Eg må spørje; «Dette at vi let oss engasjere, ikkje berre gjer det som er mest behageleg, at vi let bilen stå, sykklar, ofrar noko for å redde planeten, tenker etisk, handlar til beste ikkje berre for oss sjølve. Det verkar å gå på tvers av innpodinga av vidareføringa av våre



...og vi fant: brun jordhumle.



ei ho-selje må vite.



Beito: vårparadis for humler og folk på el-sykkel.

eigne genar». «Vi menneske har utvikla storhjernen som har evne til å korrigere våre instinkt, gjere etiske val», kan biologen fortelje meg.

Mange seljebusker og humler seinare suser vi leikande lett opp bakkane til Beitostølen att, drølar litt rundt å la «humla berre suse», men det er mest så eg trur presten har større hang til det enn legen, biologen og naturvernaren har.

Hjernen min let nok humla suse såpass at ho ikkje hugsar i kva samanheng Bodvar forklara at alt er kjemiske reaksjonar og impulsar, alle kjensler og funksjonar. «Ja men kva med «biene og blomane» då spør eg i desperasjon etter å legitimere poetiske uttrykk, det eg vil kalle Ånd, det språket eg brukar i mitt virke. Eg utdjupar «Eg veit ikkje om det blir så mykje romantikk av å proklamere overfor din utkåra at du er programert til å føre genane vidare, og ho/han synest å ha dei beste genane?» Bodvar gir medhald i at det kan verta litt kjedeleg! Eg har ved fleire høve hatt gleda av å syngje allsongar under Bodvars leiing, så eg veit at han anerkjenner slike uttrykk. Det eg kan hende ville kalle Ånd forklarar han som at storhjernen er kapabel til slike lettsindige (mitt uttrykk) uttrykksformer som poesi og sans for det vakre, og at det faktisk også kan vera funksjonelt for ivaretaking av genane.

Humlene har summa rundt mellom hestehov og selje medan samtalen mellom oss har teke ei meir filosofisk lei, med mange fleire spanande spørsmål enn kyrkjebladet sitt format tillèt. I pakt med humlesusen sine lettsindige rørsler kjenner eg at eg ikkje treng til å finne nokon

fasit på kva språk eller vitskap som best beskriv verda slik ho er eller bør være. Eg kjenner sjølv at fleire språk dekkjer fleire synsvinklar. Kva språk eller filosofi som fungerer best for å ta vare på jorda skal og få stå ope mellom oss så lenge humla får suse og vi begge skjønner meininga med det!

TÅRNAGENT helg i LIDAR OG ROGNE!

I nokre år no har vi arrangert Tårnagenthelg for 8 og 9 åringane. Ideen til opplegget med at borna er agentar, det vil seie detektivar på jakt etter spor i kyrkja er mest det beste pedagogiske opplegg eg har vore med på. Konseptet kjem sentralt frå, men er tilpassa våre kyrkjer, vår gudsteneste og dei forteljningane vi vel å satse på. Ungane blir på ein spanande måte kjend med kyrkja si, leiter fram skattar og spor etter det meste som har med kyrkja å gjere. Det er spor etter Jesus i forteljingar og drama, symbol (også eit teikn) i kyrkjerom, og ikkje minst det mest spanande kyrkje-klokkene. Dei må samarbeide, kan hende bidra til preika, forbøna og mykje anna. Med god hjelp frå soknerådsmedlemmer, foreldre, fadrar var vi (Ellen Oddveig Rudi- menigheitspedagog og eg) trygge på å ta hand om flotte grupper unge menneske. Slike opplevingar er til å bli glad og få energi av.

- Eli -

Spør er å finne i bibelforteljinga

Eit yrande liv i Lidar kyrkje når 14 tårnagentar leitar etter spor og teikn i kyrkja.

17 tårnagentar, 8 og 9 år gamle i full fart i Rogne søndagen etter.



Full konsentrasjon i gruppesamarbeidet.



Lønner det seg å bygge støtt eller høgt?

Kven kan samarbeide godt og få det høgste fyrstikk-tårnet.



Presten (fotografen) prøver å få oversikt over situasjonen.



Ein flott gjeng poserer etter gudstenesta i Rogne søndag morgon.



Eg har eigentleg ikkje noko spesielt forhold til nokon salme, men tenkjer at "No livnar det i lundar" passar godt no i mai og juni. Det er ei positiv og lett forståeleg salme som har fulgt meg ved ulike anledningar gjennom oppveksten.

Det er kanskje den mest kjente og brukte salmen på denne årstida? Salmen er blitt folkeeie, og den passar like godt både i konfirmasjonar, bryllaup og mindre høgtidlege samankomstar.

– Monja D.Skjerstein

1. No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid.

2. Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord,
og atter som eit under
nytt liv av daude gror.

3. Guds ord vel alltid lyser,
den sol gjeng aldri ned.
Det hus som Anden hyser,
ligg støtt i ljøs og fred.

4. Du vår med ljose dagar,
med lengting, liv og song,
du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong,

5. Då me med vigsla tunge,
med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunge
skal lova Herren vår!

Tekst: Elias Blix, 1836–1902
Musikk: Ludvig M. Lindeman, 1812–1887



Bispevistas 23.-28. oktober 2018

TEKST: ANNE NORA ALUND FOTO: LILLIAN NORLI

NYE STOLAER

Rogne sokneråd har engasjert Bodil Enger til å sy nye vakre stolaer til Rogne kyrkje. Dei er sydde i stil med dei nyrestaurerte messehaklane.



...at livet stadig vekk er verd å leve...

Denne salmen (520) lot vi oss inspirere av før visitasen for ti år sidan også.

Mal for visitasarbeid i Hamar bispedømme samt nokre idear på (og etter) møtet for sokneråd og tilsette er det vi har å starte konkret førebuing til visitas. Vi ynskjer at:

Alle i Øystre Slidre skal vita at vi har visitas og kan møte biskopen viss dei vil.

Biskopen skal bli kjend med korleis vi lever i dagens Øystre Slidre.

Biskopen besøker alle sokneråda, alle kyrkjene, og Lyskapellet, det vil seie at det må bli eit arrangement i kvar kyrkje.

Kanskje skal det bli ein visitas som går meir i «djupna»? For ti år sidan var det «breiddevisitas», Vi kan få til å kombinere treffpunkt for ung og gamal?

Få fram verdien ved gravferd og kyrkjegardane. Vigsling av utvidinga på Lidar kyrkjegard.

Å vise at mykje har skjedd med trusopplæringa og konfirmantundervisninga.

Gudstenester, møte med skuleetat, helseetat og kommunen brukar det å vera. Vidare blir det møte med friviljuge lag og organisasjonar samt institusjons- og bedriftsbesøk.

Øystre Slidre har mykje å by på av kultur, og god mat må det vere. Så håpar vi å få del i kompetansen til biskopen i form av foredrag. Det vil sikkert vera tema som biskopen sjølv ivrar etter å ta opp også. Tida går fort og det er mykje som skal skje i sumarhalvåret.

Det er mange tankar og idear som ennå ikkje er drøfta og vi er sjølvsagt glade for kvart innspel.

Vi trur dette blir bra!

TIL DEG SOM GÅR I 9 KLASSE – HAR DU TENKT PÅ KONFIRMASJON?

Innskriving i Rogne kyrkje 21. august 2018 kl. 19.00. Alle ungdommar er velkomne som konfirmantar. Om ein ikkje er døypt er ikkje det noko problem. Dåp ordner vi før konfirmasjonsdagen kjem.

Konfirmasjonsdatoar våren 2019 er:
2. juni Volbu og Rogne og 9.juni Lidar og Hegge.

9.september kl. 10.00 vert det Pilegrimsvandring med utsending frå Volbu kyrkje. Vi går langs Vindeåne over til Hegge kyrkje der det blir gudsteneste kl.17.00. Turen er for konfirmantar, føresette, fadrar og andre som vil vera med.

FJELLJAZZKONSERT I LIDAR KYRKJE FREDAG 31. AUGUST



Sjølve Beitostølen Fjelljazz er no historie. Men Fjelljazzen sin konsert i Lidar kyrkje gjennom meir enn 10 år er sakna av mange. Det er bakgrunnen for at Toralf Baldersheim og Lidar sokneråd har gått sammen om å arrangera konsert i år, og for Lidar sokneråd er dette også ein ny anledning til å gje folk ei god oppleving i kyrkjehuset.

Konserten blir fredag 31. august, og det er Bourbon Street Jazzband som kjem. Dei har tidlegare gleda folk på Fjelljazzen. Leiaren Jan Erik Nilsen, trompet og sang, hadde med sitt førre band ein strålende kyrkjekonsert i 2009. Då saman med sopranen Cecilie Schilling.

Denne gongen er bandet forsterka med Siw Anne Guttulsrud på sang.

Det blir utvilsomt nok ein flott kyrkjekonsert!

For dei av lesarane som er på Facebook vil det etterkvart koma informasjon der under Beitostølen Fjelljazz, og sjølvstakt plakatar, omtale i "Valdres" pluss annonse. Velkomne!

Toralf Baldersheim

TUSEN TAKK, TOR!

Tor Solberg har hatt ansvaret for layouten av Kyrkjebladet siden julenummeret 2009 og ut året 2017. Det har blitt 33 blader!

Før et kyrkjeblad kommer ut har redaksjonen hatt møte der vi har bestemt hva innholdet i bladet skal være: «Hvem skal skrive om dette? Hvem skal ta bilder? Er det noen som gjerne vil ha noe inn i bladet? Hva skal vi bruke som bilde på framsida? Når skal Tor ha alt stoffet slik at han kan rekke fristen for at layouten skal være ferdig og bladet sendes til trykkeriet?» Det har vært mange tanker, mange forslag!

Så kommer datoen da alt stoffet skal til Tor. Tor og jeg har satt oss sammen og gått gjennom alt som har kommet inn. Han har overtatt stoffet og bildene, nå er det hans tur! Han har som oftest hatt ei uke på jobben.

Vi i redaksjonen og Tor har sendt forslagene fram og tilbake mellom oss: «Sånn?» Av og til kommer stoff og bilder som mangler rett til Tor. Han stokker om. Rekker han fristen? Tor er en svært travel mann, så at han har holdt ut med alle kommentarene våre før bladet sendes til trykkeriet, det er godt gjort!

Og når så bladet ligger der i postkassa: «Jammen ble det bra! Flott ble det!»

Takk for at du har tatt ansvaret for layouten i alle disse årene, Tor! Tusen takk for samarbeidet!

Lillian Norli

NY LAYOUTANSVARLEG.

Hei!

Eg heiter Saskia og er den som tek over ansvaret for layouten etter Tor. I vinter fekk eg ein telefon frå Eli som spurte om eg kunne ta på meg denne oppgåva. Eg takkar så mykje for tilliten! Dette er moro arbeid!

Litt om meg sjølv: Eg kom til Valdres i 1999 og er busett på Rogne. Etter mange år som rådgivar i bank etablerte eg i 2010 enkeltmannsføretaket Design Saskia, som tilbyr grafiske tenester m.m. Interesse for design og grafisk arbeid er noko eg har hatt med meg i lang tid.

Som ny layoutansvarleg vil du oppdage at bladet du no sit med i handa har fått ny utsjånad. Eg håpar du likar det du ser.

Eg vil gjere mitt beste for at kyrkjebladet skal sjå fint ut og være innbydande å lese.

Saskia Aleida Van Veen

GULLKONFIRMANTMARKERINGA

vert i år den 19.august i Rogne kyrkje kl.11.00. Etter messa er det middag og festleg samvær i Rogne kyrkjestogo.

Alle som vart konfirmerte i Rogne kyrkje 16. juni 1968 får eige innbyding med påmelding.

HEKTA I VALDRES

"Sammen kan ungdommer skape et sterkere kristent fellesskap." (Saksa frå kyrkjebladet i Nord Aurdal)

I forrige nummer hadde vi bilder og omtale av konfirmantleiren på Lillehammer. No er det nokon som har starta ei oppfølging av dette arrangementet.

Vi les i Kyrkjeliv: «Det er viktig at konfirmanttiden og møtet med Jesus ikke bare blir en «engangshendelse». Når da dagens ungdommer får være med på noe de syns er artig, som HEKTA, er det viktig å ta med seg det og kunne bygge troen sin sammen med andre engasjerte ungdommer. I dag kan det være vanskelig å stå for at man tror på noe, men om man tror sammen med noen er ikke byrden så stor.»

Dette seier Karoline Sveen frå Ulnes som saman med Vide Teinmo og Mathilde Ødegård har starta opp eit lokallag i Tingnes Kyrkje i Nord Aurdal. Om det er nokon finn dette interessant, kan de enten ta direkte kontakt med dei, eller oss i kyrkjebladet så kan vi formidle kontakt.

Ingrid Meyrick

HEGGE STAVKYRKJE SOMMAREN 2018

I sommar kan du oppleve at den eldste bygningen i Øystre Slidre opnar dørene kvar dag i seks veker, frå 1.juli til og med 14. august.

Om du er mest interessert i korleis kyrkja er bygd, kor gamle ting er og så vidare, er det tradisjonell omvising:

Laurdag, søndag og måndag frå kl. 11.00 - 16.00.

Tysdag, onsdag, torsdag og fredag er kyrkja open med vert til stades frå kl. 16.00-18.00

Olsok (29.juli) er det høgmesse v/sokneprest Eli Vatn kl. 19.30.

Ved omvising for grupper utanom desse tidene kan ein ta kontakt med kyrjekontoret tlf. 61352578

eller på e-post: post.oystreslidre@kyrkja.no

Desse tilboda er skipa til for at både bygdefolk, hyttefolk, turistar og pilegrimar kan kome inn og finne nye krefter i eit hus som ikkje er som andre hus. Her kan både gamal og ung sleppe undringa til.

TUSEN TAKK!

Lidar sokneråd har fått ei gåve pålydande kr 100.000 frå Randi Bakke. Ho ynskjer at denne gåva skal gå til utbetring av trap-pene til sakristiet og hovudinngang, samt ny rullestolinngang. Steintrappa til øvre kyrkjegardsfelt vert og dekkja av gåva. Soknerådet vil på vegne av heile soknet takke for denne svært generøse gåva.

Lidar sokneråd v/Mette Lein

TESTAMENTGÅVE

Me takkar hjarteleg for testamentgåve på 25 000 kr til kvar av kyrkjene våre etter avdøde Kjellaug Bolstad. Pengane kjem Hegge kyrkje og Rogne kyrkje og sokna til gode.

Rogne sokneråd v/ Berit Karlberg Myrvang / Hegge sokneråd v/ Gunvor Hegge



KYRKJELEGE HANDLINGAR

FEBRUAR - MAI 2018

VIGSEL

HEGGE KYRKJE

Kristin Svendsen og Martin Ingar Cavallar Nilsen

LYSKAPELLET

Jorid Iren Lian og Petter Kristoffer Meyer

DØYPTE

ROGNE KYRKJE

Olav Nordsveen Myrvold

LIDAR KYRKJE

Tobias Rudi-Gran
Vetle Brager Dammerud

HEGGE KYRKJE

Victoria Rogne

LYSKAPELLET

Anna Sørfonden

DØDE

VOLBU KYRKJE

Albin Meinhardt Brekke

HEGGE KYRKJE

Nils Kristian Mørstad

ROGNE KYRKJE

Kari Myreng
Anne Marie Vestheim

ROGNE KYRKJEGARD

Tor Olav Hålimoen

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Sjå Avisa Valdres for eventuelle endringar

Juli

01 07 2018

Rogne kl. 11.00 Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kirkens SOS.

08 07 2018 STØLSMESSE

Hegge sokn kl. 12.00 hjå Barbo og Ole Martin Alfstad.

Dåp v/sokneprest Eli Vatn.

Stølsmessa er med vandring **frå Kjølabu kl. 10.00** (parkering ved stølen eller oppover mot Kjølabu)

Kjør stølsveg Robølsbygda – Skaget ca. 14 km.

15 07 2018 STØLSMESSE

Lidar sokn kl. 12.00 Vinster'n Urek hjå Signe Skammestein v/sokneprest Eli Vatn. **Kjør Jotunheimvegen, i ca. 11 km, stølen er før Haugseter.**

22 07 2018 STØLSMESSE

Volbu sokn kl. 12.00 Etnstølen hjå Knut Jørstad (Audny Jørstad som vertskap) Dåp v/prost Carl Philip Weisser. **Kjør stølsveg Moane-Fullsenn, ca. 18 km, følg skilt Etnstølen.**

29 07 2018

Lyskapellet kl. 11.00 Gudsteneste.

Dåp v/sokneprest Eli Vatn.

Hegge kyrkje kl. 19.30 Høgmesse v/ sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Mor barn i Etiopia.

August

05 08 2018 STØLSMESSE

Rogne sokn kl. 12.00. Juvike hjå Tove Grete Kolstad og Norodd Furu-lund v/sokneprest Eli Vatn. **Kjør stølsveg Ås-Etnlien i ca. 8 km, følg skilt Juvike.**

19 08 2018

Rogne kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Dåp. Gullkonfirmanttreff v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kirkens Bymisjon.

August

26 08 2018

Lidar kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste «Heilt førsteklasses gudsteneste» 6 årsbok til 6 åringane v/prost Carl Philip Weisser og Ellen Oddveig Rudi. Takkoffer Barnekreftforeningen.

Volbu kyrkje kl. 13.00 Høgmesse.

«Heilt førsteklasses gudsteneste» 6 årsbok til 6 åringane v/prost Carl Philip Weisser og Ellen Oddveig Rudi. Takkoffer Frelsesarmeen.

September

09 09 2018

Volbu kyrkje kl. 10.00 Utsendingsgudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Leger utan grenser. Pilegrimsvandring med konfirmantane til **Hegge kyrkje kl. 17.00.**

Høgmesse for Hegge sokn v/sokneprest Eli Vatn og prost Carl Philip Weisser. (Pilegrimsvandarane serverast av Bygdekvinnelaget.) Takkoffer Ungdomsarbeidet i soknet.

16 09 2018

Rogne kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Konfirmasjonspresentasjon v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Aeropagos.

23 09 2018

Hegge kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Dåp Konfirmasjonspresentasjon v/prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Kyrkjestogo i Hegge.

Ø.S Sjukeheim kl. 16.30. Stølsmesse v/prost Carl Philip Weisser. Kyrjekaffe v/ Hegge Sokneråd

30 09 2018

Lyskapellet kl. 11.00 Gudsteneste v/sokneprest Eli Vatn.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 er Den gylne time i Lyskapellet. Hjarteleg velkomne.

TAKK FOR LANDET

av Haldis Reigstad



Vi takkar deg , Herre, for landet du gav oss, for heimane våre, for framtid og fred. Vi takkar for alle dei lysa du tende, for sola som aldri går ned.

Vi takkar for liljekonvallar og kvitveis, for engkarseenga med løvetann i. Vi takkar for livet, for alt det som lever, for fridom til æveleg tid.

Vi takkar for graset som voggar i vinden, for regnet som væter og varmar vår jord. Vi takkar for krossen i flagget vårt, Herre, for alle som gav oss ditt ord.

Kyrkjeskys

LIDAR:

Mette Lein 996 90 632

HEGGE:

Hildegunn Dale 975 82 610

Synnøve Rødningen 992 37 680

VOLBU:

Liv Heitun Eriksen 926 37 556

ROGNE:

Gustav Fystro 910 04 468

Konfirmantinnskriving

Rogne kyrkje 21.august 2018 kl.19.00

Pilgrimsvandring

Fyste samling for neste års konfirmantar **Volbu kyrkje 9. september 2018 kl.10.00** vandring til **Hegge kyrkje kl.17.00**

Pusterom

10. september i Volbu

Åpen kyrkje fra kl.18.00. Teservering i sakristiet. Felles meditasjonsstund: 19-19.30.

